# ÅRSMØTE

Fostedal historielag heldt årsmøte på Fostedal hotell 12.3.2009. 11 frammøtte.

## 1. Innkalling/velkomst

Olav Støten opna møtet og ønskte velkomen.

## 2. Val av møteleiar

Olav Støten

## 3. Val av skrivar

Oddmund Hoel (Arid Fossøy skriv til han kjem.)

## 4. Årsmelding

Olav Støten gjekk gjennom meldinga.
Årsmeldinga vart godkjend.

## 5. Rekneskap

Arid gjekk gjennom rekneskapen, som vart godkjend.

## 6. Val av styre

Kirsten Arnberg i valnemnda la fram tilrådinga.
Vedtak: Arid Fossøy og Oddmund Hoel vert attvalde (for 2 år). Samrøystes.
Leiar: Olav Støten (1 år, attval). Samrøystes.
Ikkje på val: Olav Støten (som styremedl.), Lars Neset og Einar Bleikva
Alle andre tillitsvalde vart samrøystes attvalde: for 1 år.

- varamedlemer: Harald Haugen og Liv Espe
- ansvarleg for Berget: Lars Nest, Harald Haugen, Liv Espe
- — " — skulehuset: Åne Elgersma
- — " — kvernhuset: Alfred Tuften
- revisor: Gunnar Rund

7. Val av valnemnd
Attval (1 år): Kristen Ormberg og Åne Elgersma.

8. Medlemskontingent
100 kr (ingen endring)

9. Arbeidsplan 2009
Samrøystes vedteke

10. Hesjevoll-utstilling under martnaden
Magne og Lidvin Hesjevoll hadde sett opp lister med dei verka av Asjur Hesjevoll som dei kjenner til (måleri og trearbeid). Mange vil låne ut.
Musikk: Me kan få lydfiler frå Fylkesarkivet (ved Øystein Åsnes). Spel- og dansarlaget vil gje ut cd til vestlandskappleiken.
Truleg 17.-19. juli.
Det trengst forsikring og vakthald.
Det bør ut eit skriv i postkassa og eit oppslag i avisa om at me vil registrere arbeid av SH.
Bør òg lagast ein brosjyre e.l.

## Arbeidsplan for 2009

1. Jostedal Historielag vil, samen med andre lag i Dalen / Kommunen, markere Kulturminneåret med ei tilskiping på Nigardsgrandane i juni. Då skal kverni, som laget rår over, visast fram og ein kan få sjå korleis kornet ver male. Mjølet skal brukast til å koke graut og til andre godsaker.

2. Utstilling av arbeider etter Sjur Hesjevoll. Utstillingen er tenkt å haldast i samband med marknadshelgi i slutten av juli. Den næraste familie etter Sjur er svært interesserte i dette tiltak og vil registrere og låne ut arbeider til utstillingen og i det heile hjelpe til.

3. Stadnamnprosjektet. Materialet må gjerast ferdig slik at det kan registrerast i Fylkesarkivet og verte tilgjengeleg på nettet.

4. Stadnamndag. Jostedal Historielag o.a. vil arrangere ein stadnamntur ( i august / september) opp over Jostedalen. Det er rekna med ein buss som tek 50 personar. Turen startar i Husøy og kjører til Bergset. Det vert mange stopp opp over Dalen og lokalkjente folk vil fortelje om stadnamn og soger som er knytte til desse.

5. Skilting / informasjonstavler på vegen: Espe – Elvekrok. Det manglar å gjere ferdig nokre tavler før oppsetjinga kan ta til.

6. Alle bygningar som Laget rår over må haldast vedlike.

7. Arkeologiprosjektet. Me reknar med at Universitetet i Bergen vert ferdige med prosjektet i år.

8. Det vert arbeidt vidare med Jostedalskartet.

9. Anna viktig aktivitet.

11. Stadnamnturen
Jf. arbeidsplanen, punkt 4. Guidar: Kristen O., Kåre Øvregard
Buss med sjåfør kostar 5000,-.

17. Bok om bygdja – 350-årsjubileet 2010

Sokneådet har sett ned ei sogeskriftnemnd.

Kåre Øvregard m. fl.

Dei søkjer om ~~støtte~~.

Vedtak: Historielaget løyver kr. 5000,- til prosjektet.

Ådmund Hoel — Audny

Kristian Ormberg — Kr Espe.

Lodvin Skjervoll — Einar Dilden

Harald Haugen — Lars Wevet

Olav Stølen — Magne Skjervold